

Leiaren i Noregs Mållag Magne Aasbrenn kjem til Odda 29. og 30.august 2016:

Program for vitjinga:

Måndag 29.08.:

Kl. 17.45: Møte med **den utvida språkdjelingsgruppa** om framtida til Oddamodellen.

Møtestad: Odda rådhus

Ordførar Roald Aga Haug innleier.

Kl.19.00 – 21.00 Ope møte i Ungdomshallen. Arrangørar: Odda kommune og Odda Mållag

Møteleiar: Ordførar Roald Aga Haug

På saklista:

Oddamodellen som nasjonal ordning og lokal framtid:

Jf. føreliggande dokument 8 -forslag i Stortinget om endring av Opplæringslova § 2- 5

Innleiing av Terje Kollbotn: Kvar står vi, kvar går vi?

Nynorsk for innvandrarakar:

Innleiing : Lektor Steinar Kristensen, lærar på vaksenopplæringa i Odda, innleier.

Stortingsrepresentant Kjersti Toppe (Sp) og fylkestingsrepresentant Terje Kollbotn (R) vert med på begge møta. Alle partia i Hordaland er inviterte til å delta på møta 29. og 30.08.

Tysdag 30.08.:

09.00 – 09.45: Aasbrenn, stortingsrepresentant Kjersti Toppe og fylkestingsrepresentant Terje Kollbotn møter rådmannen i Odda Ole Jørgen Jondahl, fungerande oppvekstsjef i Odda Jon Olav Stadheim. Stadheim er og rektor på vaksenopplæringa i Odda. Truleg vert ordførar Roald Aga Haug med på møtet. Andre saker enn språkdjelinga vert og tekne opp på møtet.

10.00 -10.45: Aasbrenn, Toppe og Kollbotn med fleire har møte med styret i Sørfjorden Målungdom og eleven Salma YousefAhmed. Salma går andre året på program for studiespesialisering (allmennfagleg studieretning). Ho kjem frå Sudan, bur på Lofthus og er småbarnsmor. I styret i Sørfjorden Målungdom sit Liva Thiis, Eirun Flaten Sandvin og Eivind Øyre Trones.

11.00 – 11.40: Aasbrenn, Toppe og Kollbotn med fleire møter administrasjonen på Odda ungdomskole.

11.45 til 12.20: Aasbrenn, Toppe og Kollbotn med fleire har møte med administrasjonen på Odda vidaregåande skule. Leiaren i Odda Mållag Knut O. Dale deltek på dette møtet.

Alle møta er eit samarbeid mellom Odda kommune og Odda Mållag

14.00: Aasbrenn har møte med LO i Indre Hardanger på LO-kontoret i Odda.